

LINDÅS KOMMUNE	
Klassering	
23. 07. 2015	
Att. bl./nr. 14/6423	Landsb.
Saknr.	Tilleggs saknr.

Lindås kommune  
Kvernhusmyrane 20  
5914 ISDALSTØ

Side | 1

Dykkar ref.:

Vår ref.:ard015014

Bergen: 21.07.2015

**VARSEL OM OPPSTART AV PLANARBEID:  
REGULERINGSPLAN MED PLANPROGRAM OG KONSEKVENSGREIING FOR  
NESFOSSEN SMOLT, GNR. 56 BNR. 14 M.FL., LINDÅS KOMMUNE**

Planen vert fremma som detaljregulering etter § 12-3 i pbl. Lindås kommune har stilt krav om planprogram i samsvar med § 4-1 i pbl: "For reguleringsplanar som kan ha vesentlege verknader for miljø og samfunn, skal det som ledd i varsling av planoppstart utarbeidast eit planprogram som grunnlag for planarbeidet."

Planprogrammet vert utarbeidd på vegne av tiltakshavar Nesfossen smolt as. Planprogrammet kan sjåast og lastas ned via nettsida [www.ardarealplan.no](http://www.ardarealplan.no) eller på kommunen sine nettsider [www.lindas.kommune.no](http://www.lindas.kommune.no).

Planprogrammet vert justert etter varsling i høve til aktuelle innspel i høyringsrunda. Planprogrammet vil bli lagt til grunn for vidare planarbeid med konsekvensutgreiing.

Reguleringsplan:

Ein reguleringsplan består av arealplankart med tilhøyrande føresegner og planskildring som syner bruk, vern og utforming av areal. Ein reguleringsplan fastsett framtidig arealbruk for området og er ved kommunestyret sitt vedtak bindande for nye tiltak eller utviding av eksisterande tiltak.

Tiltakshavar og konsulent:

Nesfossen smolt as er tiltakshavar.  
Ard arealplan as er konsulent for planarbeidet.

Planområdet:

Nesfossen ligg nordvest i Lindås kommunen i nærleiken av Hundvin mot Lurefjorden. Området som skal regulerast er på ca. 40 daa, like nordvest for eksisterande smoltanlegg til Nesfossen as. Planområdet er i kommuneplanen avsett til LNF og industriføremål. Eksisterande anlegg er ikkje regulert, men er i samsvar med overordna plan og difor tek ein dette arealet med inn i same reguleringsplan for at heile industriområdet skal vere regulert.

## Planen sitt formål:

Planframlegget legg opp til utviding av eksisterande industrianlegg, med sjøvatnbasert anlegg for smoltproduksjon med dei installasjonar som høyrer til eit slikt anlegg.

I dag består området av eit eksisterande smoltanlegg, samt nokre næringsbygg, kaianlegg og strandsone.

Side | 2

Sentrale problemstillingar i plan og utgreiingsarbeidet vil vere vidare utbygging av smoltanlegg med infrastruktur, sett i samband med landskap (nær - og fjernverknad), friluftsliv, biologisk mangfald, VA, ROS-analyse med særleg vekt på miljøomsyn ved avrenning og forureining, samt samfunnsmessige konsekvensar.

## Merknader til varsel om oppstart:

Vi inviterer til samarbeid og medverknad i den komande planprosessen. Innspel eller merknader som angår planens løysingar eller som gjeld særlege behov kan sendast skriftleg eller elektronisk til:

Ard arealplan as  
Nygårdsgaten 114  
5008 Bergen  
e-post: [post@ardarealplan.no](mailto:post@ardarealplan.no)

Det er ikkje naudsynt å sende kopi av merknader til Lindås kommune. Alle mottatte dokument, merknader og andre innspel vil verte sendt Lindås kommune saman med planforslaget.

## Merknadsfrist

Frist for merknader er satt til **4. sep. 2015**.

## Vidare saksgang:

Etter merknadsfristen vil forslag til reguleringsplan verte utarbeidd. Forslaget vert deretter sendt Lindås kommune for sakshandsaming. Etter fyrste gangs handsaming vert planen lagt ut til offentleg ettersyn i 6 veker. Det vil då verte mogleg å kome med merknader til planforslaget før vidare politisk handsaming.




Jan Espen Vik  
Dagleg leiar · By- og regionplanleggar


Tlf: 55 31 95 00

*Vedlegg: varslingskart og varslingsliste*

## KART OVER PLANOMRÅDET:



Side | 3



VARSLINGSLISTE:

Gnr.	Bnr.	Eigedomen sin adresse		
56	95	Lindåsvegen 1474	5956	HUNDVIN
56	20	Lindåsvegen 1478	5956	HUNDVIN
56	46	Lindåsvegen 1472	5956	HUNDVIN
56	2	Lindåsvegen 1480 A	5956	HUNDVIN
56	9	Hundvinsvegen 80	5956	HUNDVIN
56	14	Hundvinsvegen 109	5956	HUNDVIN
177	1	Seimsstranda 530	5912	SEIM
177	64	Eigedomen har ikkje vegadresse		
177	2	Eigedomen har ikkje vegadresse		
177	53	Eigedomen har ikkje vegadresse		

Navn	Adresse	Postnr.	Sted
Lindås kommune	Kvernhusmyrane 20	5914	ISDALSTØ
Austrheim kommune	Sætremarka 2	5943	AUSTRHEIM
Statens Vegvesen region vest	Askedalen 4	6863	LEIKANGER
BKK Nett AS, nettprosjekt	Postboks 7060	5020	BERGEN
Fylkesmannen i Hordland, kommunal - og samfunnsplanavdelinga	Postboks 7310	5020	BERGEN
Hordaland fylkeskommune, regionalavdelinga - planseksjonen	Postboks 7900	5020	BERGEN
NGIR	Lindåsvegen 1260	5956	HUNDVIN
Kystverket	Postboks 1502	6025	ÅLESUND
Bergen sjøfartsmuseum	Pb 7800	5020	BERGEN
Fiskeridirektoratet, region vest	postmottak@fiskeridir.no		
Bergen og omland havnevesen	Pb 6040	5892	BERGEN
NVE	Naustdalsvn. 1b postboks	6801	FØRDE
Telenor kabelnett	<a href="http://www.telenor.no/privat/kundeservice/nettutbygging/">http://www.telenor.no/privat/kundeservice/nettutbygging/</a>		